



Olav Bjørn Lygre  
Lurevegen 1453  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2035 - 14/5281

Saksbehandlar:  
Arnold Matre  
Arnold.Matre@lindas.kommune.no

Dato:  
10.03.2014

## Svar til Lygra grunneigarlag i høve Kommunedelplan for Lindåsosane, Lurefjorden og Lygra

Det vert synt til Dykkar skriv dagsett 30.01.14.

I skrivet gjer De mellom anna greie for følgjene for Lygrasamfunnet i høve at arbeidet med kommunedelplanen har tatt lang tid, og at det for tida ikkje vert arbeidd med planen i påvente av tilsetjingar på fagavdeling plan. Det vert også gjort greie for utfordringane med at mange søknader vert å senda som dispensasjon frå den gamle kommuneplanen (2003). Dette fører til ekstra kostnader for søkjarane.

Skrivet peikar også på at det har vore endringar i nasjonal politikk og styringssignal, nokon som burde vore innarbeida i planen.

På bakgrunn av argumentasjonen i skrivet fremjar Lygra grunneigarlag følgjande framlegg:

1. Framlegg til endringar vert snarast innarbeidd med tatt omsyn til endringar i lovverk undervegs og nye politiske signal.
2. Setja ut restarbeidet på anbod
3. Innbyggjarane vert i perioden fram til ny kommunedelplan for området er vedteken, fritekne for dispensasjonsgebyr for søknader om bygging/frådeling.
4. Grunneigarlaget ønskjer eit møte med ordførar, rådmann og leiar i plan- og miljøutvalet.

Skrivet frå Lygra grunneigarlag har vore diskutert med rådmannen samt lagt fram som orientering for plan- og miljøutvalet i møte 05.03.14. Hovudpunkta i attendemeldinga i dette skrivet vert såleis gjort i forståing med det politiske utvalet for kommunedelplanen.

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Lindås kommune er samd i at det er uheldig og beklageleg at planprosessen med Kommunedelplan for Lindåsosane, Lurefjorden og Lygra enno ikkje er slutthandsama. Det er ulike grunnar for dette, men det siste året er det grunngeve i manglande personellressursar.

#### Status på planarbeidet:

Endeleg planutkast var utarbeida og lagt fram for plan- og miljøutvalet i møte 14.12.11. I møtet vart det vedteke 20 punkt som skulle endrast. Desse punkta skal konsekvensutgreiast og sendast på avgrensa høyring til statlege og regionale høyringsinstansar mfl. Innspelsfasen er avslutta og det er såleis ikkje lagt opp til andre endringar enn dei som vart vedteken i plan- og miljøutvalet 14.12.11.

Attendemelding på ønska fremja av Lygra grunneigarlag:

1. Det er eit sterkt ønskje å få vedteken planen så snart som mogeleg. Dersom ein skal opna for andre arealbruksendringar enn dei som ligg i plan- og miljøutvalet sitt vedtak (14.12.11), vil dette medføra nye utgreiingar og høyringar, nokon som vil forseinka planen ytterlegare. Administrasjonen sitt mål er å få ein vedteken plan, så må ytterlegare endringar koma gjennom ein revisjon av planen. Tidspunkt for dette må ein ta stilling til i neste revisjon av planstrategien.
2. Administrasjonen har ut frå ressursituasjonen over tid vurdert i kva grad det ville vera føremålstenleg å setja arbeidet med slutføringa av planen bort til private planfirma. Me har alt fasett at dette vert løysinga med atterhald om at det kan lata seg gjennomføra innanfor akseptable økonomiske rammer. Me har såleis von om at arbeidet med slutføringa kan koma i gang no i vår.
3. Ein kan ikkje sjå at det grunnlag for å fråfalla krav om gebyr for deling- og byggjesaker i perioden fram til planen vert vedteken.
4. Med grunnlag i svaret i vårt skriv er det ikkje lagt og til noko møte i høve den vidare framdrifta. Med bakgrunn i at me vil setja vekk arbeidet med å slutføra planen er «planen sett på dagsorden igjen». Det vidare arbeidet vil sjølvstøtt verta utført i samarbeid og dialog med Lindås kommune. Dersom me ikkje får anna attendemelding føreset me at denne løysinga er tilfredsstillande for grunneigarlaget.

Med helsing

Arnold Matre  
fagleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

00222

**Kopi til:**

Ole Bakkebø

Dag Namtvedt

Ordfører i Lindås kommune

Rådmann Hogne Haugsdal

Leiar i PMU Jan Erik Hope

Einingsleiar Tor Hegle

**Mottakarar:**  
Olav Bjørn Lygre

Lurevegen 1453 5912

SEIM